



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS
Postboks 24
5401 STORD

Vår dato: 07.07.2023

Vår ref.: 200700442-36 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gjev utsett byggjefrist til Tøsse kraftverk i Etne kommune

Vi viser til søknad frå Sunnhordland Kraftlag AS datert 01.09.2020 om utsett byggjefrist for Tøsse kraftverk i Etne kommune.

Bakgrunn

NVE gav konsesjon til Tøsse kraftverk i vedtak den 25.09.2015. Det følgjer av vassressurslova §§ 27 og 19 andre ledd og vassdragsreguleringslova § 15 at konsesjonen fell bort dersom ein ikkje er i gang med å byggje innan fem år frå konsesjonen blei gjeven. NVE kan forlengje fristen med inntil fem nye år.

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Sunnhordland Kraftlag AS:

«Det vises til vassdragskonsesjon gitt av NVE 25.09.2015 til bygging av Tøsse kraftverk, i Etne kommune, Vestland Fylke (Tidl. Hordaland Fylke). Konsesjonen har referanse NVE 200700442-26.

Prosjektet er registrert i NVEs database med registreringsnummer 4476.

I konsesjonens pkt 2 er det angitt at konsesjonen faller bort dersom «arbeidet ikke er satt i gang senest fem år frå konsesjonens dato». Videre står det at NVE kan forlenge fristen med inntil fem nye år. Utbyggingen er ikke startet grunnet utfordring med kapasitet i nettet. Sunnhordland Kraftlag (SKL) er i dialog med nettselskapet og har tro på at det vil komme til en løsning.

SKL søker derfor med dette om at byggefristen forlenges med fem år i forhold til opprinnelig frist.»

Søknad om forlengja byggjefrist blei sendt NVE før opphavleg frist gjekk ut.

Høyring

Søknad om forlengja byggjefrist for Tøsse kraftverk, fire andre småkraftverk og ei nettleidning har vore på høyring i blant anna Etne kommune, Vestland fylkeskommune og



Statsforvaltaren i Vestland for utsegn. NVE har mottatt følgjande merknader til søknaden om forlengja byggjefrist:

Statsforvaltaren i Vestland uttaler følgjande i brev til NVE den 12.05.2023:

«Tiltaka skal auke produksjonen av fornybar energi og sikre framtidig straumforsyning, og har dermed stor samfunnsnytte. Det er store tiltak som samla vil gi monalege naturinngrep. Mykje av dette er allereie avklara i gjeldande konsesjonar.

(...)

Tysse transformatorstasjon vil bli samlokalisert med Tøsse kraftstasjon i eit eige bygg, medan koplingsanlegga/generatorane til dei andre kraftverka vil bli lokalisert inne i kraftstasjonsbygga. Dette ser ut til å vere gode løysingar, som bidreg til å avgrense inngrepa. Det er registrert ask, som er sterkt truga (raudlista, kategori EN) ved Hetleflåt kraftstasjon, men det ser ikkje ut til at linja/jordkabelen vil få konsekvensar for arten. Vi vil likevel understreke at eventuelle større eksemplar har stor verdi og bør, om mogleg, ivaretakast.

Vi har ikkje avgjerande merknader til den nye naturmiljøkartleggingane eller til søknadene om utsett byggjefrist for Tøsse kraftverk, Eikemo kraftverk eller Hetleflåt kraftverk.»

Vestland fylkeskommune uttaler følgjande i brev til NVE den 12.05.2023:

«Kulturminne

(...) Angående søknad om utsett byggjefrist for kraftverka Eikemo, Tøsse, Djuvselva, Miljateig og Hetleflåt, så vedkjem det ingen kulturminneinteresser.

(...)

Vassmiljø

Etter vår vurdering bør elvevassmassar vurderast ut i frå ein naturtilstand for Eikemo kraftverk og Tøsse kraftverk, og ikkje frå ein allereie utbygd situasjon. Begge kraftverka ligg i vassførekomst 042-310-R Eikemoelva nedstøms inntak Blåfalli III H. Etter vassforskrifta er godt økologisk potensiale nådd i dag, men det ligg ikkje målingar i databasen Vann-nett og presisjonen for miljøtilstanden er låg.

(...)

Vi minner om at i konsekvensutgreiingar skal det vurderast og skildrast korleis planen eller tiltaket vil verke inn på vatnets økologiske og kjemiske tilstand (Miljødirektoratet 2023). Ei eventuell vurdering av tiltaket etter vassforskrifta § 12 avhenger av at det føreligg kunnskap både om dagens tilstand i vassførekomsten, og om eventuelle endringar i tilstand som tiltaket forventar å medføre. Dersom tilstanden vert forringa av tiltaket, må det vurderast om det er grunnlag for å gje unntak etter § 12

Friluftsliv

Når det gjeld småkraftverka ligg ikkje desse innanføre kartlagde friluftsområde, med unntak av Djuvselva, som ligg i eit registrert friluftsområde (Åkrafjorden Nordsida).



Åkrafjorden er kartlagt som eit registrert friluftsområde, men det er lite truleg at kraftverka vil påverke friluftslivsinteressene i fjorden i særleg grad.

På bakgrunn av føreliggande informasjon om m.a. kartlagde friluftsområde er det ikkje grunnlag for å sei at oppgradering av leidning til 132 kV eller utbygging av dei 5 småkraftverka vil få vesentlege konsekvensar for regionale friluftslivsinteresser»

Statnett uttaler følgjande i brev til NVE den 12.05.2023:

«Statnett er også positiv økt kraftproduksjon og dermed til å utsette byggefristen for de fem omtalte kraftverkene slik at de kan bygges ut og tilknyttes planlagt nett.»

NVE si vurdering

Ny kartlegging av biologisk mangfald

Den opphævelege kartlegginga av biologisk mangfald er frå 2004. Etter NVE si vurdering var ikkje den opphævelege kartlegginga tilstrekkeleg for å kunne vurdere søknaden om utsett byggjefrist. Dette er fordi søknaden følgjer ein metodikk frå før 2009, som sidan har blitt oppdatert fleire gonger. NVE bad difor tiltakshavar om å gjennomføra ei ny kartlegging av biologisk mangfald i brev av 21.04.2022. NVE mottek den nye kartlegginga i brev av 22.10.2022, og rapporten er skrevet av Ecofact.

På grunnlag av tidlegare og ny kartlegging av biologisk mangfald meiner NVE at det er innhenta tilstrekkeleg informasjon for å kunne vurdere omfanget og verknader av tiltaket for kartlagde naturtypar, og sjeldne og trua artar. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget i saka er godt nok greidd ut, jf. naturmangfaldlova § 8. Kartlegginga i 2022 førte til funn av nye artar og naturtypar. I det følgjande presenterer vi relevante funn, påverknaden av tiltaket på artene og naturtypane, og ev. mildnande tiltak.

Arter

Ecofact har påvist ein raudlisteart innanfor influensområdet. Denne arten blei ikkje registrert i den opphævelege kartlegginga frå 2004. Raudlistearten er ask, som er sterkt trua (EN). Asken er eit gammalt dødt styvingstre. Den utgjør eit viktig habitat for vedbuande sopp og lav. Ifølgje Miljødirektoratets instruks for konsekvensutgreiingar har arten *svært stor verdi*. Tiltaket vil ikkje påverka arten slik det er planlagt, og Ecofact vurderer difor konsekvensen av tiltaket som ubetydeleg. NVE er samde i denne vurderinga.

NVE meiner det er eit stort potensial for å finne andre raudlisteartar i tilknytning til både hul eik og styva eldre ask. Tiltaket vil ikkje berøre verken den raudlista asken eller området med hul eik. Utover dette er vi samde med Ecofact om at tiltakshavar bør avgrense hogging av gamle trær og ståande døydd trær, av omsyn til ev. uregistrerte raudlista artar. Dersom slike trær blir hogne, kan tiltakshavar leggja dei ut i terrenget som kompensierende tiltak, slik at død ved kan utgjera eit nytt habitat for desse artane.

Naturtypar

Ecofact har kartlagt og avgrensa 16 naturtypelokalitetar innanfor influensområdet til Tøsse kraftverk, der fem er raudlista. Lokalitetane fordeler seg på fem naturtypar i samsvar



med NiN2-instruksen, éin naturtype etter DN-handbok 13 og éin naturtype etter Norsk raudliste for naturtypar 2018 (Tabell 1). I den opphavslege kartlegginga frå 2004 ble det ikkje registrert nokon naturtypar. Ecofact si kartlegging tilseier slik sett at det er vesentleg større naturverdiar innanfor influensområdet til Tøsse kraftverk enn det som låg til grunn for NVE sine vurderingar i 2015.

Tabell 1. Oversikt over naturtypar i influensområdet til Tøsse kraftverk

Naturtype	Status	Raudlista	Verdi
Semi-naturlig eng	NiN-naturtype – lav kvalitet	VU	Stor
	NiN-naturtype – svært redusert kvalitet	VU	Middels
Slåttemark	NiN-naturtype	CR	Stor
Naturbeitemark	NiN-naturtype	VU	Middels
Hul eik	NiN-naturtype		Svært stor
Fossepåvirket berg	NiN-naturtype		Middels
Bekkekløft	Viktig naturtype, DN-bok 13		Noko, C-verdi
Elvevassmassar	Norsk raudliste for naturtypar 2018	NT	Middels

Ingen av lokalitetane med slåttemark eller med hule eiker vil bli påverka av tiltaket.

Det er ein relativt stor lokalitet med semi-naturleg eng som strekkjer seg frå sør for garden Tysse og søraustover ned mot fjorden. Lokaliteten er vurdert som svært redusert ettersom den er i sein gjenvekstsukksesjonsfase. Det er planlagt ein overgang mellom borehol og nedgrave røyr i enga. Deretter vil vassvegen gå gjennom ei bora tunnel opp til inntaket. Ifølgje Ecofact vil lokaliteten bli fragmentert som følgje av denne vassvegen. Basert på informasjonen i verdikartet meiner NVE at lokaliteten ikkje vil bli fragmentert, men at boreholet vil påverke lokaliteten noko. NVE vurderer det som fordelaktig med bora vassveg framfor nedgrave røyr, då påverknaden på lokaliteten vil bli lågare. På vedtakstidspunktet stilte NVE føresetnad om at arbeidet med å leggja røyr gata skal utførast på ein slik måte at anleggstraséen blir smalast mogleg. Dette vil også bidra til å redusere forringelsen av naturtypen noko. NVE meiner påverknaden på lokaliteten er akseptabel, gitt at arealbruken blir minimert i byggjefasen.

Sørvest for den større lokaliteten med semi-naturlig eng, er det registrert ei mindre eng. Denne lokaliteten er vurdert å ha dårleg tilstand, ettersom den semi-naturlege enga er i tidleg gjenvekstsukksesjonsfase. Røyr gata er planlagt rett aust for lokaliteten.




Gravearbeidet knytt til røyrgata kan berøre i underkant av 20 % av den semi-naturlige enga. NVE vil igjen her presisere at det er viktig å ha ein så smal som mogleg anleggstrasé.

Ved kraftstasjonen er det registrert naturbeitemark. Størsteparten av området vil bli beslaglagt ved etablering av kraftstasjon og riggplass. Vidare vil tiltaket fragmentere lokaliteten, som fører til at økologiske funksjonar i dei delane som er att av naturbeitemarka blir reduserte. Ecofact har difor vurdert verknadsgraden til sterkt forringa. Ecofact påpeikar at enga er i sein gjenvekstsuksesjonsfase, og vil bli til skog med mindre hevd blir teken opp att. Etter deira vurdering vil ikkje skogen utvikle seg til ein naturtype etter Miljødirektoratets instruks, basert på artssamansetninga i lokaliteten. Dei meiner at verknadene truleg vil vera forholdsvis små i ein regional samanheng, særleg ettersom lokaliteten er liten. NVE meiner det er uheldig at lokaliteten, som har middels verdi ifølgje Miljødirektoratets instruks for konsekvensutgreiingar, blir beslaglagt. I den opphavelige konsesjonsprosessen blei kraftstasjonsplasseringa endra totalt tre gonger, av omsyn til automatisk freda kulturminne som blei avdekka i løpet av sakshandsaminga. NVE meiner det ikkje er aktuelt å vurdere flytting av kraftstasjonen på nytt, då nye plasseringar svært sannsynleg vil ha negative konsekvensar for andre viktige naturtypar, kulturminne eller lønnsenda til prosjektet. Ettersom tilstanden på lokaliteten er svært redusert og i sein gjenvekstsuksesjonsfase, vurderer vi konsekvensane av tiltaket som akseptable.

Lokalitetane med fossepåverka berg, bekkekløft og elvevassmassar vil bli påverka av redusert vassføring og reduksjon i hyppigheita og storleiken på flaumtoppane. Verknaden av tiltaket på desse lokalitetane blei vurdert i den opphavelige konsesjonshandsaminga, og er ikkje et tema for byggjefrist-vurderinga.

NVE meiner det er potensial for ytterlegare funn av raudlista artar, både i tilknytning til bekkekløften og langs vassdraget. Vassdraget ligg i eit skilje mellom migmatitt, grønnstein og gabbro. Gabbro er ein bergart som forvitrar lett, og kan dermed bidra til noko rikare planteliv dersom det er nok fukt til stades. Potensialet for ev. uregistrerte, sjeldne og fuktkrevjande artar langs vassdraget blei vurdert på vedtakstidspunktet. Vi held oppe vår vurdering i at minstevassføringen vil bidra til å tilføre fukt i bekkekløften og langs elva, og dermed ha ein positiv innverknad på livsmiljøa til ev. uregistrerte artar.

Figur 1 viser ei oversikt over naturtypelokalitetane, inkludert verdivurderinga.



Figur 1. Verdikart som viser forekomst av viktige naturtyper og rødlisterarter. Elvevassmassar er ikkje inkludert då den berører heile vassstrengen. Referanse: Ecofact (2022)

Oppsummering

Ein søknad om forlengja byggjefrist inneber ikkje ei ny samla vurdering av fordelar og ulemper ved tiltaket, slik det blei gjort i handsaminga av konsesjonssøknaden. I sakshandsaminga om byggjefrist skal NVE berre vurdere om det har kome nye eller endra omstende etter at konsesjonen blei gjeven. Dersom det kjem fram ny vesentleg informasjon, kan NVE avslå ein søknad om forlengja byggjefrist. Eit sentralt moment i vurderinga vil være om ein kan sette nye vilkår som kan avbøte ulempene. Etablert forvaltningspraksis som er gjeve av forarbeida til vassressurslova og den reviderte vassdragsreguleringslova, gjer at det likevel er rimeleg å utvise omsyn når ein forlengjer byggjefrist.

Søknaden om forlengja byggjefrist har vore på høyring i blant anna Etne kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland for utsegn. Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Statnett har svara at dei ikkje kjenner til nye forhold i det aktuelle området som kan ha betydning for konsesjonane. NVE har også gjort søk i Naturbase og Artskart. Vi kan ikkje sjå at det er kome fram ny informasjon som gjer at søknaden om forlengja byggjefrist bør bli avslått.

Den nye kartlegginga av biologisk mangfald har vist at det er større naturverdiar innanfor tiltaksområdet enn det som var kjend på vedtakstidspunktet. NVE meiner at



konsekvensane av tiltaket for dei raudlista artane og naturtypane kan reduserast tilstrekkeleg gjennom mildnande tiltak.

Vi minner om at dette vedtaket berre gjeld byggjefrist for kraftverket og ikkje anleggskonsesjon, som må gjerast i eigen søknad.

NVE sitt vedtak

NVE kan ikkje sjå at det er kome fram ny informasjon som gjer at søknad om forlengja byggjefrist for Tøsse kraftverk bør bli avslått. I medhald av vassressurslova §§ 27 og 19 andre ledd, samt vassdragsreguleringslova § 15, blir byggjefristen forlengja med inntil fem år, til 25.09.2025.

Merknader

Vi merkar oss at det er foreslått fleire aktuelle avbøtande tiltak i den nye biologisk mangfald rapporten. Vi føreset at desse tiltaka blir vurdert som ein del av detaljplanen. I detaljplanfasen bør det også vurderast om delar av røyrkata kan flyttast mot aust og overgangen mellom nedgravd røyr og borehol kan flyttast noko lengre sør for å unngå tap og fragmentering av lokalitetane med semi-naturlig eng.

Dei andre vilkåra er dei same som i løyve av 25.09.2015.

Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om klageadgang.

Med helsing

Inga Nordberg
direktør

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS

Kopimottakarliste:

ETNE KOMMUNE
STATNETT SF



STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.